

Møteinkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtested: Telefon

Dato: 01.03.2018

Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 (Magnus). Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Oppkopling telefonmøte:

Ring 800 88 860

Slå kode 605747#

Med venleg helsing

Magnus Snøtun
nasjonalparkforvaltar



**Jotunheimen
nasjonalpark**

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2018	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Kjentmannskøyring 2018 - Grindaheim Røde Kors hjelpekorps		2018/767
ST 2/2018	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Kjentmannskjøring - 2018 - Øystre Slidre Røde Kors hjelpekorps		2018/804



Arkivsaksnummer: 2018/767-5

Saksbehandlar:

Magnus Snøtun

Dato: 23.02.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	1/2018	01.03.2018

Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Kjentmannskøyring 2018 - Grindaheim Røde Kors hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskøyring 2018 for Grindaheim Røde Kors hjelpekorps i samsvar med øvingsplan for mars 2018 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for helga 16.-18.mars 2018
- Løyve gjeld ein tur med inntil 10 skutarar langs kvista ruter:
 - Eidsbugarden – Grisletjønn – Olavsbu – Eidsbugarden
 - Tyinholmen – Koldedalen – Skogadalsbøen – Tyinholmen
- Løyve gjeld ein tur med inntil 4 skutarar langs kvista ruter:
 - Grisletjønn – Gjendebu – Grisletjønn
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS i forkant av kjentmannsturane (tlf. 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 01. mai 2018.

For komande sesongar ber nasjonalparkstyret om at det blir lagt fram ein overordna øvingsplan som viser planlagt aktivitet for heile sesongen eller gjerne for ein fleirårig periode.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka


- Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring i samband med øving på Eidsbugarden datert 23.01.18
- Tilbakemelding på søknad om dispensasjon til øvingskjøring datert 05.02.18
- Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring i samband med øving på Eidsbugarden saman med øvingsplan og godkjenning frå politiet datert 22.02.18
- E-postutveksling med Bjørn Olav Søndrol 23.02.18

Saksopplysningar

Grindaheim Røde Kors hjelpekorps søker om løyve til kjentmannskøyring frå Eidsbugarden til Gjendebu og Olavsbu og frå Tyinholmen til Skogadalsbøen via Koldedalen 16.-18.mars i 2018. Formålet med kjentmannskøyringa er å gjere seg kjent slik at ein kan gjere trygge vegval og logging av ruta med GPS. Hjelpekorpsset vil følgje stikka rute mellom turisthyttene.

Dette er eit tilleggselement i ei større vinterøving som hjelpekorpsa i «Område Valdres» skal ha. Det er derfor deltakarar frå tilgrensande hjelpekorps i Valdres og Sogn. Totalt omfang av øvinga er ca. 50 deltakarar og 25 skuterar. Talet på skuterar knytt til kjentmannskøyring er inntil 10 (e-postutveksling). Øystre Slidre vil gjennomføre kjentmannskøyring med inntil 8 skuterar (e-postutveksling).

Kartutsnittet under viser dei kvista rutene kor hjelpekorpset ønskjer kjentmannskøyring:



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområdet forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1.

Etter retningslinjene «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» frå Miljøverndepartementet datert 31.03.2013 krev kjentmannskøyring dispensasjon etter naturmangfaltslova §48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Turisthyttene og dei kvista løypene mellom dei ligg i brukssone med store kvalitetar.

Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «*Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»



Naturmangfaldlova

Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring krev løyve etter §48 første alternativ: «...ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig...». Begge vilkår må vere oppfylt før ein kan vurdere om ein skal gje dispensasjon.

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Jotunheimen og Utladalen er kjende og viktige friluftsområde, også nasjonalt. Her er god infrastruktur med kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktig utfartstid vinterstid. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur og dei må ha moglegheit for å gjere seg kjent gjennom kjentmannsturar.

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig». Fjellområdet er utsett for ver og vind og særleg dei indre delene har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan kome seg inn frå ulike kantar avhengig av veret. Under redningsaksjonar har det vist seg at hjelpekorpsa kan ha behov for assistanse frå nabokorps, også korps som ikkje har Jotunheimen og Utladalen som «primærteig». Det aukar den samla kompetansen i området. Men det er viktig at kompetansen lokalt vert prioritert slik at lokalkjennskapen vert styrka. Det er derfor

ønskjeleg at «primær-hjelpekorps» planlegg, organiserer kjentmannsturar og samtidig vurderer behovet for å supplere sine kjentmannsturar med deltarar frå nabokorps.

Kjennskap til snøforholda er ein generell kunnskap og beredskap då dette endrer seg raskt i høgfjellet. Generell trening med skuter er viktig for å handtere ulike forhold i fjellet. Slik trening skal leggast utanfor verneområdet.

Vurdering

Forvalningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må tas utgangspunkt i verneformålet slik det er lista opp i formålsparagrafen for aktuelt verneområde

Formålet er definert i §1 i verneforskrifta Jotunheimen nasjonalpark:

«*Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneholder særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfold, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
-

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Formålet er definert i §1 i verneforskrifta Utladalen landskapsvernombord:

«*Formålet med landskapsvernombordet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet og den førebyggande redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Den frivillige delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. Dei har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpeemannskap.

Hjelpekorps og politiet understreker at det er eit særleg behov i 2018 grunna særlege snøforhold. Kjennskap til snøforholda er ein generell kunnskap og beredskap då dette endrer seg raskt i høgfjellet. Generell trening med skuter er viktig for å handtere ulike forhold i fjellet. Slik trening skal leggast utanfor verneområdet.

Vinterstid er generelt ei sårbar periode for faunaen i høgfjellet. Nokre artar er særleg utsette, blant anna rovfuglane som begynner førebuing til hekking om vinteren. «*For rovfugl som hubro, jaktfalk og kongeørn kan også forstyrrelser ved hekkeplass i etableringsfasen (februar – april) føre til at hekking uteblir.»* (utdrag av sårbarhetsvurdering for fugl i Jotunheimen (rapport 2014)). Det er fleire sårbare artar som brukar området rundt Gjendebu (§8 i nml). Her er det ei løype som vert kvista i forkant av påske og det er derfor

allereie noko forstyrring i området. Det er likevel viktig å vurderer omfang av ferdsel og auka grad av forstyrring – jf. naturmangfaldslova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Kjentmannskøyringa er lagt til den same tida, men ved å sette vilkår om å avgrense talet på skuterar som kører denne avstikkaren vert forstyrringa redusert (§9 i nml om føre-var-prinsippet). Då øvingsplanen er godkjent av politiet vert kjentmannskøyringa vurdert som strengt nødvendig kjøring (jf. retningslinjene frå 2013).

§§11 og 12 er ikkje relevante i denne saka.

Konklusjon:

Eidsbugarden-området vert vurdert å vere blant Grindaheim Røde Kors hjelpekorps sine «primær-teigar» med tanke på utsyn. Norsk Folkehjelp Årdal overlappar delvist med området Tyin – Skogadalsbøen. Det er ønskjeleg at desse hjelpekorpsa planlegg kjentmannsturar og vurderer det samla behovet. Då kan desse hjelpekorpsa invitere inn nabokorps etter behov, og med forankring i ein langsigtig overordna øvingsplan. Det er også relevant å etablere ein god dialog med hjelpekorpsa på nord- og vestsida, Vågå, Lom, Luster og Årdal. M.a. har Vågå RKH ansvar for stikking av ruta Gjendebu-Olavsbu, og har også testa sambandsløysingar i område innan nasjonalparken med varierande dekning.

Politiet skal vurdere det beredskapsmessige behovet i ein øvingsplan som også inkluderer talet på skuterar. Det er her ikkje gjeve noko konkret vurdering av nødvendig tal skuterar. Talet på skuterar er i denne søknaden stort samanlikna med andre hjelpekorps i verneområdet. Ein bør evaluere læringseffekten av så mange skuterar i følgje. Hjelpekorpsset bør også vurdere vurdere inntrykket ei så stor kolonne har på andre brukarar av verneområdet. For å redusere påverknadane på særleg sårbare verneverdiar vert talet på skutarar ned i Veslådalen til Gjendebu avgrensa til 4.

Det vert oppmoda om at Grindaheim Røde Kors hjelpekorps utarbeidar ein øvingsplan som viser all aktivitet gjennom året etter modellen til Øystre Slidre. Då kan ein lettare identifisere behov for forbeting og at ein over ein lengre periode bygger kompretanse i hjelpekorpsset. Dette vil kunne hjelpe hjelpekorpsset og politiet sine vurderingar av kva som er naudsynt kjentmannskøyring. Dersom politiet sender kopi av køyreordre til nasjonalparkforvaltar og SNO, vil ein unngå meir arbeid med varsling og rapportering frå hjelpekorpsa. Ein fleirårig plan vil redusere papirarbeid knytt til godkjenning av søknader.



Arkivsaksnummer: 2018/804-4

Saksbehandlar:

Magnus Snøtun

Dato: 26.02.2018

Utvall	Utvallssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2018	01.03.2018

Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Kjentmannskjøring - 2018 - Øystre Slidre Røde Kors hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskjøring 2018 for Øystre Slidre Røde Kors hjelpekorps i samsvar med øvingsplan for mars 2018 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for helga 16.-18.mars 2018
- Løyve gjeld ein tur med inntil 8 skutarar langs kvista ruter:
 - Eidsbugarden – Grisletjønn – Olavsbu – Eidsbugarden
 - Tyinholmen – Koldedalen – Skogadalsbøen – Tyinholmen
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS i forkant av kjentmannsturane (tlf. 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 01. mai 2018.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad om dispensasjon til kjentmannskjøring i samband med øving på Eidsbugarden datert 02.02.18 (kopi frå Vågå kommune)
- Tilbakemelding på søknad om dispensasjon til øvingskjøring datert 05.02.18
- Søknad om dispensasjon til kjentmannskjøring i samband med øving på Eidsbugarden saman med øvingsplan og godkjenning frå politiet datert 23.02.18
- E-postutveksling med Stig Aastveit 23.02.18

Saksopplysningar

Øystre Slidre Røde Kors hjelpekorps søker om løyve til kjentmannskjøring frå Eidsbugarden til Gjendebu og Olavsbu og frå Tyinholmen til Skogadalsbøen via Koldedalen 16.-18.mars i 2018. Formålet med kjentmannskjøringa er å gjere seg kjent slik at ein kan gjere trygge vegval og logging av ruta med GPS. Hjelpekorpsset vil følgje stikka rute mellom turisthyttene.

Dette er eit tilleggselement i ei større vinterøving som hjelpekorpsa i «Område Valdres» skal ha. Det er derfor deltakarar frå tilgrensande hjelpekorps i Valdres og Sogn. Totalt omfang av øvinga er ca. 50 deltakarar og 25 skuterar. Talet på skuterar knytt til kjentmannskøyring er inntil 8 (e-postutveksling). Gindaheim Røde Kors hjelpekorps vil gjennomføre kjentmannskøyring med inntil 10 skuterar (e-postutveksling).

Kartutsnittet under viser dei kvista rutene kor hjelpekorpset ønskjer kjentmannskøyring:



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.


Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområdet forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1.

Etter retningslinjene «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» frå Miljøverndepartementet datert 31.03.2013 krev kjentmannskøyring dispensasjon etter naturmangfaldslova §48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Turisthyttene og dei kvista løypene mellom dei ligg i brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «*Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»



Naturmangfaldlova

Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring krev løyve etter §48 første alternativ: «...ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig...». Begge vilkår må vere oppfylt før ein kan vurdere om ein skal gje dispensasjon.

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Jotunheimen og Utladalen er kjende og viktige friluftsområde, også nasjonalt. Her er god infrastruktur med kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktig utfartstid vinterstid. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur og dei må ha moglegheit for å gjøre seg kjent gjennom kjentmannsturar.

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig». Fjellområdet er utsett for ver og vind og særleg dei indre delene har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan kome seg inn frå ulike kantar avhengig av veret. Under redningsaksjonar har det vist seg at hjelpekorpsa kan ha behov for assistanse frå nabokorps, også korps som ikkje har Jotunheimen og Utladalen som «primærteig». Det aukar den samla kompetansen i området. Men det er viktig at kompetansen lokalt vert prioritert slik at lokalkjennskapen vert styrka. Det er derfor ønskjeleg at «primær-hjelpekorpsset» planlegg, organiserer kjentmannsturar og samtidig vurderer behovet for å supplere sine kjentmannsturar med deltakarar frå nabokorps.

Kjentmannskøring kan gjennomførast i verneområdet for å bli kjent med trase, generelle terrenghorhold og generell skredfare. Snøforhold vil variere frå år til år, men også frå dag til dag. Kjentmannskøring kan derfor ikkje nyttast for å kjenne detaljer om snøforholda, då dette vil krevje mykje og regelmessig køyring i heile verneområdet.

Vurdering

Forvalningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må tas utgangspunkt i verneformålet slik det er lista opp i formålsparagrafen for aktuelt verneområde

Formålet er definert i §1 i verneforskrifta Jotunheimen nasjonalpark:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur

som inneholder særprega og representative økosystem og landskap uten tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenart og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ...

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Formålet er definert i §1 i verneforskrifta Utladalen landskapsvernområde:

«Formålet med landskapsvernåret er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.

*...
Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet og den førebyggande redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Den frivillige delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. Dei har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpemannskap. Hjelpekorps og politiet understreker at det er eit særleg behov i 2018 grunna særlege snøforhold. Kjennskap til snøforholda er ein generell kunnskap og beredskap då dette endrer seg raskt i høgfjellet. Generell trening med skuter er viktig for å handtere ulike forhold i fjellet. Slik trening skal leggast utanfor verneområdet.

Vinterstid er generelt ei sårbar periode for faunaen i høgfjellet. Nokre artar er særleg utsette, blant anna rovfuglane som begynner førebuing til hekking om vinteren. «*For rovfugl som hubro, jaktfalk og kongeørn kan også forstyrrelser ved hekkeplass i etableringsfasen (februar – april) føre til at hekking uteblir.*» (utdrag av sårbarhetsvurdering for fugl i Jotunheimen (rapport 2014)). Det er fleire sårbare artar som brukar området rundt Gjendebu (§8 i nml). Her er det ei løype som vert kvista i forkant av påske og det er derfor allereie noko forstyrring i området. Det er likevel viktig å vurderer omfang av ferdsel og auka grad av forstyrring – jf. naturmangfaldslova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Det er derfor sett avgrensing på tal skuterar som kan køyre ned til Gjendebu. Kjentmannskøyring ned denne strekninga er lagt til Grindaheim sitt løyve for å redusere forstyrringa (§9 i nml om føre-var-prinsippet). Då øvingsplanen er godkjent av politiet kjentmannskøyringa vurdert som strengt nødvendig kjøring (jf. retningslinjene fra 2013).

§§11 og 12 er ikkje relevante i denne saka.

Konklusjon:

Eidsbugarden-området vert vurdert å vere blant Grindaheim Røde Kors hjelpekorps sine «primær-teigar» med tanke på utrykking. Øystre Slidre har i sin øvingsplan ikkje definert dette som «sitt» område, men det har vist seg at nabokorps vert kalla ut ved utrykking. Kjentmannsturar skal brukast til å auke kompetansen om området og det lokale hjelpekorpset som har område som «primær-teig» må planlegge og koordinere dette

arbeidet. Då kan desse hjelpekorpsa invitere inn nabokorps etter behov, og med forankring i ein langsiktig overordna øvingsplan.

Politiet skal vurdere det beredskapsmessige behovet i ein øvingsplan som også inkluderer talet på skuterar. Det er her ikkje gjeve noko konkret vurdering av nødvendig tal skuterar. Talet på skuterar er i denne søknaden stort samanlikna med andre hjelpekorps i verneområdet. Ein bør evaluere læringseffekten av så mange skuterar i følgje. Hjelpekorpsset bør også vurdere vurdere inntrykket ei så stor kolonne har på andre brukarar av verneområdet. For å redusere påverknadane på særleg sårbare verneverdiar vert det samla talet på skutarar ned Veslådalen til Gjendebu avgrensa til 4 (Grindaheim sitt løkke).

Øystre Slidre har ein generelt god og oversikteleg øvingsplan for sitt «primær-område» med blant anna rullering av øvingsområde for å halde oppe kompetansen. Aktivitetsnivået er høgt og veldig mykje av aktiviteten er lagt til fjellområde, noko som skulle gje grunnlag for å kunne støtte nabokorps ved behov i større redningsaksjonar.